

Flott dag på Tine-stafetten.

10.05.2017



6.klasse gjorde til liks med 7.klasse-laga ein flott innsats.

I går var 5.-, 6.- og 7.klasse ved Uskedalen skule til Fana for den årlege Tinestafetten. Vi hadde ein strålende tur med glade og nøgde elevar og vaksne. Vi rettar ei stor takk til Kvinnherad vekstbedrift og Uskedal Helselag som gjorde dette mogleg for oss!



Elevar og lærarar kosa seg også på tribunen.

Dagen starta med avreise frå skulen kl. 06.30. Noko tidleg for både små og store, men alle kom seg opp og var i godt humør frå avreise. Vi kom tidleg til Fana stadion, og hadde god tid til å ta på oss t-skjorter og startnummer, og då sjølvsgart leggja ein god taktikk for løpa som låg føre oss. Mange av elevane kjende nok på spenninga og

nervøsiteten før løpa, og stemninga på stadion var med på å gjera dette til ei heilt spesiell oppleving. Med 269 påmeldte lag, og 10 elevar på kvart lag, så var det nok rundt 2500 elevar og vaksne til stades på det meste. 6.klassen var første lag ut. Dei opna godt og låg heilt framme ved 1.veksling. Og det tok ikkje mange meterane før dei gjekk opp i leiinga på 2.etappe. Denne klarte vi å halda på heilt fram til nest siste etappe. Då var det eitt lag som sprang forbi oss, men ikkje med meir enn 15-20 meter. Det vart difor ein spanande siste etappe, der vi tok innpå litt, men enda 2 sekundar bak i mål. Likevel ein strålende prestasjon som gjorde at laget vart nr. 17 av 109 lag.

Etter ein liten pause var det 7.klassen sine 3 lag som skulle i aksjon. 7A var heile tida med i fremste del av heatet, det var spaning gjennom heile løpet, og dei enda til slutt som nr.5. Men tida var god, og etter at alle laga hadde sprunge viste det seg at dei vart nr.18 av 135 lag. 7B kjempa og godt i sitt heat, og var heile tida i duellar med andre lag. Dei kom til slutt i mål som nr.6, og hadde den 56. beste tida. Til slutt var det 7C som skulle springa. No var det begynt å regna litt, så dei fekk nok litt tyngre forhold enn dei som hadde sprunge tidlegare. Dei kjempa likevel godt og kom i mål som nr. 9 i sitt heat, og fekk den 116. beste tida.

Elevane våre imponerte både på og utanfor banen. Dei har trena og jobba fram mot denne stafetten i 2-3 månadar no, og gjorde ein framifrå innsats alle saman. Dei som ikkje var med å sprang var flinke til å heia på dei som deltok, og skapte ei god stemning på tribunen.

Vi ønskjer å takka bussjåfør Lars Wang for ein behageleg og kjekk busstur. Og så vil vi enno ein gong takka Kvinnherad vekstbedrift og Uskedal Helselag som gjorde dette mogleg for oss. Dette er ei stor oppleving for både elevar og lærarar ved skulen vår.

De finn nokre fleire kjekke og fine bilete på [heimesida til Uskedal skule](#).

Tekst og foto: Uskedal skule si heimeside v/ Odd Steinar Arnesen
Nett: Thor Inge Døssland.